



OPPLÆRINGS-  
KONTORET

FOR OFFENTLEG SEKTOR  
I SOGN OG FJORDANE

# Årsmelding 2017



---

**Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane**

Concord – Firdav. 6, Postboks 57, 6801 Førde

Telefon: 57 82 50 80, mobil: 90 61 79 79, [www.okosweb.no](http://www.okosweb.no)

# Forord

Opplæringskontoret for offentlig sektor har i 2017 hatt ein nedgang i tal medlemsbedrifter. Det har i løpet av dei siste åra vorte etablert regionale tverrfaglege opplæringskontor i indre Sogn og indre Nordfjord. At medlemsbedrifter i desse områda då melder overgang til desse, som vil framstå som meir lokale, er ikkje uventa, men er sjølv sagt heller ikkje ei ynskt utvikling frå OKOS si side. Utviklinga fører til at frå å vere eit fylkesdekkande opplæringskontor framstår også OKOS no meir som eit regionalt opplæringskontor, der kjerneområde er lokalisert i Sunnfjord og Ytre Sogn.

Trass i nedgang i tal medlemsbedrifter held OKOS eit nivå på tal kontraktar som samsvarar med nivået dei seinare år. Ei utvikling med stor fokus på rekruttering og inntak av lærlingar i offentlig sektor fører med seg at OKOS held eit tal på kontraktar som samsvarar med kontoret sin noverande kapasitet. Det store behovet for arbeidskraft som er kjent innan offentlig sektor, tilseier at OKOS bør ha godt grunnlag for drifta i åra framover.

Styret har vore tydelege på at formidlinga av kandidatar frå vg2 i vidaregåande skule skal ha fremste prioritet i OKOS sitt arbeid. Likevel er tilbod til vaksne i arbeid som ynskjer å ta fagbrev, og andre grupper i ein opplærings situasjon tilknytt OKOS sine medlemsbedrifter sitt virke, viktige å ta i vare og gje eit tilbod. Sjølv om kandidatar frå dei vidaregåande skulane skal ha fremste prioritet, skal også desse gruppene ivaretakast av OKOS så langt kapasitet tillet det.

3. mai 2018



Henrik Oppen  
styreleiar

# Innhald

<b><i>Innleiing</i></b> _____	<b>4</b>
<b><i>Styret</i></b> _____	<b>4</b>
<b><i>Sekretariat/administrasjon</i></b> _____	<b>4</b>
<b><i>Medlemsbedrifter 2017</i></b> _____	<b>5</b>
<b><i>Fagbrev og kontraktar</i></b> _____	<b>6</b>
<b><i>Historikk</i></b> _____	<b>6</b>
<b><i>Nye kontraktar og hevingar</i></b> _____	<b>7</b>
<b><i>Kurs og samlingar</i></b> _____	<b>8</b>
<b><i>Internasjonalisering</i></b> _____	<b>8</b>
<b><i>Innføring av MinLogg - elektronisk kvalitetssikring av opplæringa</i></b> _____	<b>9</b>
<b><i>Lærling- og lærebedriftsundersøkinga</i></b> _____	<b>9</b>
<b><i>Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene</i></b> _____	<b>9</b>

## Innleiing

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) blei oppretta våren 1998. Kontoret er den største nettverksorganisasjonen innan fagopplæring i sektoren i fylket.

OKOS er formelt ein del av den fylkeskommunale verksemda med eksternt styre samansett av representantar frå medlemsbedriftene, fylkeskommunen (politisk leiing og fylkesrådmannen) og relevant fagorganisasjon. Styret har i siste periode hatt 2 møte. I tillegg har styret gjennomført eit medlemsmøte.

Kontoret har eigne [vedtekter](#) og [medlemsavtale](#) som formelt grunnlag for si interne og eksterne verksemd.

Bedrifter som driv fagopplæring i relevante fag for sektoren kan søke om medlemskap.

På vegne av sine medlemsbedrifter er OKOS juridisk ansvarleg for omlag 100 kontraktar i ei rekke fag som er viktige i den offentlege tenesteproduksjonen for innbyggerane i fylket. Administrasjon og kvalitetssikring av lærlingordninga er derfor viktige driftsoppgåver.

Sentrale arbeidsområde for kontoret har vore formidling av søkarar til læreplass, etablere og vedlikehalde kontraktar for det enkelte læreforhold, kursverksemd for lærlingar og instruktørar, oppfølging og kvalitetssikring av lærlingordninga, ivareta tilrettelegging av spesialundervisning, organisere og kvalitetssikre tiltak innan internasjonalisering, samt rådgjeving til medlemsbedriftene.

OKOS er formelt ein del av den fylkeskommunale verksemda, men har eige styre med representantar frå politisk leiing, medlemsbedriftene og fagorganisasjon.

## Styret

Styret er samansett for 4 år og følgjer den politiske valperioden for kommunesektoren. Styre for perioden 2016-2019 har denne samansetninga:

Henrik Oppen	Politisk medlem og styreleiar
Rita Arlen Lilletvedt	Gloppen kommune og nestleiar
Kirstin Bruland	Jølster kommune
Anne Kristin Førde	Fagforbundet
Arvid Stenehjem	Fylkesrådmannen
Ole Johnny Stubhaug	Politisk medlem (personleg vara for Henrik Oppen)
Elin Garnes Solås	Hyllestad kommune (personlig vara for Rita Arlen Lilletvedt)
Kjell Idar Dvergsdal	Gaular kommune (personleg vara for Kirstin Bruland)
Eli Grov Østerbø	Fagforbundet (personleg vara for Anne Kristin Førde)
Inger Karin Slinde	Fylkesrådmannen (personlig vara for Arvid Stenehjem)

## Sekretariat/administrasjon

Dagleg leiar: Hans-Børge Lillehaug

Sekretær: Aslaug Ljostveit (80% stilling)

Kontoret er samlokalisert med fleire andre opplæringskontor i Concordbygget i Førde og er medlem i Opplæringskontoras samarbeidsutval (fellesorganisasjon for alle opplæringskontora i fylket); [www.oksu.no](http://www.oksu.no)

## Medlemsbedrifter 2017

### Oversyn, tilgang og avgang

Ved utgangen av året var 15 kommunar, 3 statlege føretak, 8 fylkeskommunale institusjonar og Førde kyrkjelege fellesråd tilslutta OKOS:

Askvoll kommune	Hyllestad kommune
Balestrand kommune	Høyanger kommune
Bremanger kommune	Jølster kommune
Eid vidaregåande skule	Mo og Øyrane vidaregåande skule
Fjaler kommune	Måløy vidaregåande skule
Flora vidaregåande skule	Naustdal kommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	NAV Sogn og Fjordane
Førde kyrkjelege fellesråd	Selje kommune
Førde kommune	Sogn og Fjordane fylkeskommune (sentraladm)
Gaular kommune	Sogndal vidaregåande skule
Gulen kommune	Solund kommune
Hafstad vidaregåande skule	Stryn vidaregåande skule
Helse Førde HF	Vik kommune
Hornindal kommune	

4 kommunar melde i perioden overgang til lokale tverrfaglege opplæringskontor i Nordfjord og Sogn; Luster kommune, Sogndal kommune, Leikanger kommune og Gloppen kommune. Dette er ikkje lista opp i oversikten over.

Totalt blei 29 kontraktar vidareført ved desse opplæringskontora.

Ingen tilgang av nye medlemsbedrifter.

Kvar medlemsbedrift har ein oppnemnd kontaktperson som varetek generelle administrative forhold slik som intensjonsavtalar, rekruttering, arbeidsavtale, tilskott, kontraktar og eventuelle endringar.

I tillegg har medlemsbedrifta faglege leiarar som organiserer den interne opplæringa slik at lærlingen/lærekandidaten får opplæring og vurdering i samsvar med læreplan, opplæringslov m/forskrifter og OKOS sitt regelverk/rutinar.

Som medlem i OKOS må bedrifta vere formelt godkjent som lærebedrift i dei enkelte fag og ha kvalifiserte faglege leiarar for den enkelte kontrakt. Godkjenning blir etter søknad gitt av fylkeskommunen.

Fagleg leiar skal saman med anna leiing i bedrifta, sjå til at instruktørane er motiverte og kvalifiserte for arbeidet. Ei viktig oppgåve er å sikre at instruktørane har moglegheit til å gi den opplæringa som er nødvendig for å tilfredstille krava til fullgod opplæring.

Viser til opplæringslova §4-3 når det gjeld godkjenning av lærebedrift og omtale av fagleg leiar sitt ansvar.

Dei tillitsvalte har også ei formell rolle i den interne fagopplæringa, ref. opplæringslova §4-7. Fagforbundet er representert i OKOS sitt styre.

## Fagbrev og kontraktar


### Historikk

I perioden 1997- 2017 har 660 personar i 13 ulike fag fullført si fagopplæring i medlemsbedriftene. Av desse har 161 kandidatar (i snitt 24 %) fått vurdert fag- eller kompetanseprøva til bestått mykje godt.

I 2017 var det 47 kandidatar som fullførte si utdanning. Av desse var det 16 som fikk vurdert prøva til bestått mykje godt (2016: 11 %).

Dei dominerande faga er barne- og ungdomsarbeidarfaget (BUA) og helsearbeidarfaget (HEA). Begge desse faga høyre til programområdet Helse og oppvekstfag.

Figuren nedanfor viser kor mange kandidatar som har fullført si opplæring dei siste 5 åra.



Ca. 80% av kontraktane finn ein innan programområdet Helse og oppvekstfag, helsefagarbeidarfaget aleine nærare 60%.


I samråd med aktuelle medlemsbedrifter er kontraktar i faga institusjonskøkk, feiar og byggdriftar ivaretatt av meir relevante opplæringskontor i fylket. Dette utgjør 4-5 kontraktar.

Ei slik organisering vil gi kapasitet til å fokusere på og vidareutvikle fagutdanninga i våre kjernefag.

I følgje tall frå fylkeskommunen for 2017 har 41% fått vurdert si fagprøve til Bestått mykje godt, 40% til Bestått og 11% til Ikkje bestått.

Alle kandidatane som ikkje har bestått ved første forsøk har framandspråkleg bakgrunn. Dei vil i samarbeid med sin arbeidsgjevar få tilbod om meir organisert praksis og meld opp til ny fagprøve.

I perioden 2012 – 2017 var det pr. 31.12. registrert følgjande tal kontraktar i alle fag med varierende kontraktslengde frå 6 til 48 månader og i ulike stillingsstorleik:




### Nye kontraktar og hevingar

Medlemsbedriftene melder inn sitt behov for nye lærlingar til opplæringskontoret kvart år. OKOS formidlar oversikt over aktuelle arbeidsgjevarar og fag til avgangselevane i den vidaregåande skolen som grunnlag for elevane si vurdering og søknadar til aktuelle lærebedrifter.

I 2017 blei det teikna 51 nye kontraktar (2016: 66).

Oversikta under viser brutto tal over ein periode. Innmeldt behov er i hovudsak elevar frå skole, men tal for tilsette også inkluderer egne vaksne tilsette.



Rekrutteringa i 2017 blei som venta noko svakare på grunn av endringa i tal medlemsbedrifter. 4 kontraktar (2016: 4) blei heva på grunn av flytting eller andre personlege årsaker.

## Kurs og samlingar

OKOS har auka sin kursaktivitet og tilbyr ei rekke ulike tiltak med lærlingar, lærekandidatar, instruktørar, faglege leiarar, administrative kontaktpersonar og andre tilsette i målgruppa.

<b>Tema</b>	<b>Målgruppe</b>	<b>Samarbeidspart</b>
Introduksjonssamling	Alle nyttilsette lærlingar	NAV
Instruktørkurs	Faglege leiarar og instruktørar i alle fag	Høgskulen i Oslo og Akershus
Førstehjelpskurs	Lærlingar i heimetenesta (helsearbeidarfaget)	Prehospital klinikk, Helse Førde
Fagprøvesamling Helsearbeidarfaget	Lærlingar, instruktørar og faglege leiarar i faget	Prøvenemnda i faget
Fagprøvesamling Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Lærlingar, instruktørar og faglege leiarar i faget	Prøvenemnda i faget
Fagprøvesamling Dataelektronikarfaget	Lærlingar, instruktørar og faglege leiarar i faget	Prøvenemnda i faget
Fagprøvesamling IKT-servicefager	Lærlingar, instruktørar og faglege leiarar i faget	Prøvenemnda i faget
Introduksjonssamling spesialisthelsetenesta 21	Lærlingar i helsearbeidarfaget før praksis på sjukehus	Fagpersonar ved Førde sentralsjukehus
Medlemsmøte med styret	Fagpersonar og leiing i medlemsbedriftene	Sogn og Fjordane fylkeskommune

Totalt deltok 238 personar desse samlingane, kursa og møta.

OKOS har så langt ikkje fakturert deltakaravgift for kurs eller samlingane. Instruktørkurset er delfinansiert av fylkeskommunen og har god deltaking.

## Internasjonalisering

OKOS har gjennom mange år organisert utplassering av kvalifiserte og motiverte lærlingar i utlandet gjennom EU-programmet [Erasmus+](#).

På grunn av kapasitetsutfordringar i sekretariatet har dette ikkje blitt prioritert i 2017.

Arbeid med å etablere nye intensjonsavtalar med utanlandske partnerar for 2018/19 er til vurdering og i samråd med fagmiljø i aktuelle medlemsbedriftar.

Tiltaket er finansiert i samarbeid med fylkeskommunen og med midlar frå EU-programmet.

## **Innføring av MinLogg - elektronisk kvalitetssikring av opplæringa**

Opplæringslova sett som krav at ein skal ha ei intern kvalitetssikring som bidreg til at lærlingen eller lærekandidaten får ei opplæring som er i samsvar med gjeldane læreplan og at det blir gitt tilfredsstillande faglege vurderingar gjennom læretida.

OKOS innførte hausten 2017 kvalitetssikringssystemet MinLogg i IT-faga, og dei andre faga blir introdusert fortløpande i 2018.

Gjennom systemet vil lærlingen, den enkelte faglege leiar og OKOS ha full oversikt over fagleg utvikling. Lærlingen registrerer sine oppgåver dagleg og fagleg leiar har tilsvarande tilgang til sine lærlingar.

Fagleg leiar godkjenn i MinLogg når opplæring i kompetansemåla er ivaretatt.

Tilbakemeldingane frå brukarane så langt tyder på at systemet varetar både intern styring, medverknad og kontroll av gjennomført opplæring i kompetansemåla på ein god måte.

## **Lærling- og lærebedriftsundersøkinga**

Denne årlege undersøkinga gjennomførast i regi av Utdanningsdirektoratet og gir indikasjonar på læresituasjonen i bedrifta sett frå lærlingane og fagleg leiar si side.

Undersøkinga blei utført i perioden 16. oktober – 23. desember 2017.

Resultata er gjennomgått på ulike måtar ved våre instruktørkurs, introsamlingar og med styre.

**Lærlingundersøkinga** viser at lærlingane har høg trivsel med god eigeninnsats og føler at dei meistrer jobben. Undersøkinga viser også at lærlingane sjeldan har muligheit til å delta på kurs for å utvikle seg i faget. Totalt deltok 17 av 33 lærlingar i målgruppa (52%).

På det tidspunktet Lærlingundersøkinga blei gjennomført hadde berre 1-2 lærlingar tatt i bruk MinLogg.

**Lærebedriftsundersøkinga** hadde ein for lav svarprosent (21%, 5/24) til å være representativ, men tas til vitande.

## **Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene**

Det blei utbetalt omlag 4,3 million til medlemsbedriftene i ordinært lærlingtilskot, stimuleringstilskot og tilskot til forsterka opplæring for lærekandidatar (spesped.).